

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2016	Formannskapet i Radøy	PS	18.02.2016
017/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	03.03.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Johan Fredrik Bøschen Sandal	14/2836	16/1840

Busetjing av flyktningar i Radøy

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok 10.12.2015 å auka talet på busetjing av flyktningar i Radøy kommune til gjennomsnittleg 18 personar årleg, ref. KS-sak 60/2015. I brev av 20.11.15 ba Fylkesmannen i Hordaland Radøy ta i mot 26 flyktningar i 2016 og 29 i 2017, inkludert busetting av mindreårige.

Økonomistyring og flyktningar

Det er behov for ei oversikt over inntekter og kostnader knytt til busetting av flyktningar. Modellen er basert på hovudtal for einsleg vaksen. Fasit vil visa kva ein faktisk får, det er ma avkortingar ift alder. Kommunen mottar og tilskot til skule og opplæring. Oversikta under viser estimert overskot. Dette er dels rett, men etter 2 år med introduksjonsprogram vil mange framleis ha behov for sosialhjelp og bistand til bukostnader. Desse kostnader er variable avhengig av kor raskt ein klarar å integrera flyktningane i arbeid og samfunn.

Inntekter og kostnadssiden (introduksjonsprogram 2 år)

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Tilskot etter kjente tal	6 067 000	10 891 800	15 299 200	16 437 400	15 685 000	15 238 600
Einsleg vaksen						
Tal 1. års	11	25	29	18	18	18
Tal 2. års	13	11	25	29	18	18
Tal 3. års	2	13	11	25	29	18
Tal 4. års	5	2	13	11	25	29
Tal 5. års	1	5	2	13	11	25
Tilskot år 1	232 000	235 000	235 000	235 000	235 000	235 000
Tilskot år 2	210 000	220 000	220 000	220 000	220 000	220 000
Tilskot år 3	152 000	160 000	160 000	160 000	160 000	160 000
Tilskot år 4	82 200	83 400	83 400	83 400	83 400	83 400
Tilskot år 5	70 000	70 000	70 000	70 000	70 000	70 000
Tilskot etter kjente tal	4 323 264	6 484 896	9 727 344	8 466 392	6 484 896	6 484 896
Overskudd	1 743 736	4 406 904	5 571 856	7 971 008	9 200 104	9 200 104
Einsleg vaksen						
Tal 1. års	11	25	29	18	18	18
Tal 2. års	13	11	25	29	18	18

Tal 3. års	2	13	11	25	29	18
Tal 4. års	5	2	13	11	25	29
Tal 5. års	1	5	2	13	11	25
Intro.progr år 1	180 136	180 136	180 136	180 136	180 136	180 136
Intro.progr år 2	180 136	180 136	180 136	180 136	180 136	180 136

Det vil i tillegg vera mindre kostnader til busskort, skulemateriell og anna, og til helsekostnader/vaksinering.

Konsekvensen av busetjing av fleire flyktningar er at NAV må styrkast. Det er i dag to 50% stillingar knytt til flyktningearbeid. Desse må aukast slik at det blir to 100 % stillingar. Den eine av desse to stillingane har vore eit engasjement. Den stillinga er planlagt fast.

I tillegg bør det vurderast å etablera bustadkontor og tilsetja ytterlegare ein koordinator tilknytt frivillig arbeid.

Tilskot til norskopplæring mv. blir lagt inn på oppvekst-budsjettet, og kostnadene blir tilsvarende tatt her. Netto verknad går i balanse.

Konklusjon

Auke i busetjing av nye flyktningar vil medføre auka ressursforbruk og kostnader for kommunen. For 2016 kan ein ved auka ressursar forventa nokolunde balanse, men prognosen gir håp om at kommunen kan koma ut med økonomisk pluss over tid. Kapasiteten i NAV må styrkast ved at eitt årsverk vert omgjort frå mellombels til fast stilling knytt til flyktningearbeid og at det vert oppretta eit nytt årsverk knytt til sosialt arbeid.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyret aukar ramma for busetjing av flyktningar til 25 personar i 2016 og 29 i 2017.
- Auke i talet på flyktningar vil krevja følgjande budsjettendring i budsjett for 2016:
-Auka integreringstilskot: 3.007.000 (skjema 1A).
-Auka driftsramme helse og omsorg: 3.007.000 (skjema 1B).
- Radøy kommune vil ikkje forplikta seg til å ta imot eit bestemt tal mindreårige flyktningar. Radøy ønskjer dialog med IMDI om kven som skal busetjast innanfor ramma på 25 flyktningar i 2016 og 29 i 2017.

Formannskapet i Radøy - 025/2016

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Kommunestyret aukar ramma for busetjing av flyktningar til 25 personar i 2016 og 29 i 2017.

- Auke i talet på flyktningar vil krevja følgjande budsjettendring i budsjett for 2016:
-Auka integreringstilskot: 3.007.000 (skjema 1A).
-Auka driftsramme helse og omsorg: 3.007.000 (skjema 1B).
- Radøy kommune vil ikkje forplikta seg til å ta imot eit bestemt tal mindreårige flyktningar. Radøy ønskjer dialog med IMDI om kven som skal busetjast innanfor ramma på 25 flyktningar i 2016 og 29 i 2017.

Kommunestyret i Radøy - 017/2016

KS - handsaming:

Lena Bø Nilsen (Frp) stilte mellom anna spørsmål om tilgang på husvære til flyktningar, og ho viste til "stive" prisar på bustadmarknaden.

Rådmann Jarle Landås svara at det er ei kontinuerleg utfordring å skaffa nok husvære. Kommunen kan ikkje sjølv dekkja tilbodet, men rådmannen har registrert at det på den private bustadmarknaden er langt fleire som det siste året har vendt seg til kommunen for å tilby bustad til flyktningar.

David Pletten Aasgard (KrF) meiner det vil vera positivt å busetja flyktningar til ulike delar av kommunen.

Silje Namtvedt (Sp) understreka at denne saka ikkje berre handlar om busetjing - men også om integrering av flyktningar.

Namtvedt *sette fram følgjande tilleggsframlegg:*

Radøy kommune vil leggja press på at norskopplæringa for flyktningar skal vera på nynorsk.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

Tilleggsframlegg frå Silje Namtvedt (Sp) sett fram i møtet, vart vedteke mot ei røyst (Normann Sæbø, H).

KS - vedtak:

Kommunestyret aukar ramma for busetjing av flyktningar til 25 personar i 2016 og 29 i 2017

- Auke i talet på flyktningar vil krevja følgjande budsjettendring i budsjett for 2016:

- Auka integreringstilskot: 3.007.000 (skjema 1A).

- Auka driftsramme helse og omsorg: 3.007.000 (skjema 1B).

Radøy kommune vil ikkje forplikta seg til å ta imot eit bestemt tal mindreårige flyktningar. Radøy ønskjer dialog med IMDI om kven som skal busetjast innanfor ramma på 25 flyktningar i 2016 og 29 i 2017.

Radøy kommune vil leggja press på at norskopplæringa for flyktningar skal vera på nynorsk.

Vedlegg:

Busetting av flyktningar_notat